



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

Marius Åboen

2693 NORDBERG

Delegert vedtak

Vår ref
2013/23/20/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
12.02.2013

Saka gjeld: Søknad om transport av ved og proviant til Torsvatnet - Marius Aaboen

Saksopplysning:

Søknaden:

Olav Løkken driv fiske på Torsvatnet, Olav bruker hytta til Jon Sagen på Torsvatnet.

Nå er det nesten tomt for ved.

Søker hermed om kjøretillatelse med snøscooter til hytta til Jon Sagen på Torsvatnet.

Kjører inn ved og proviant. kjører med 2 kjelker for å få bra lass.

Kjører via Tordalen.

Hilsen

Skjåk Utmarkservice v/ Marius Åboen

Uppnose

2693 Nordberg

97083190

Køyreruta frå Billingen til Torsvatnet går gjennom Reinheimen nasjonalpark (NP) i Skjåk kommune.

Marius Åboen har godkjend løyve til å drive ervervskøyning i Skjåk.

Verneforskrifta for Reinheimen NP opnar for transport av ved og proviant med snøscooter:

Verneforskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt. 6.3:

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyning av båt.

Det er positivt at transporten kan skje med to kjelkar slik at en får med mye utstyr på ein tur og slik sett reduserer motorisert ferdsel i området. Dersom det er dårleg føre kan det vera vanskeleg

Postadresse

2690 Skjåk

E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside

www.skjaak.kommune.no

Telefon

61217000

Telefaks

61217001

Bank

2085.07.40004

Org.nr

961381096

å få med to kjelkar på ein tur. Det blir derfor gjeve løyve til to turar, sjølv om det fortrinnsvis skal klare seg med ein tur til dette oppdraget.

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Køy reruta er godkjend i forvaltningsplanen.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er godt. Det er ikkje sannsynleg at løyvet vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Bruk av snøscooter til dette transportføremålet blir vurdert til å vera tenleg og miljømessig forsvarleg.

Vedtak:

Skjåk kommune vedtek å gje Marius Åboen løyve til å frakte ved og proviant inn til Torsvatnet med snøscooter.

Løyve blir gjeve med heimel i:

Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 6.3. b)

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Det blir gjeve løyve til inntil 2 turar, rute: Billingen – Torsvatnet.
2. Transporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
3. Køy ringa skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
4. Motorferdsla skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen tlf. 97057213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
5. Det skal førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
6. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køy reruta skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
7. Køy ringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**.*

Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN
FM Oppland
KUR
Lesja kommune
Lom kommune
Norrdal kommune

Rauma kommune
Vågå kommune
SNO-Skjåk
SNO-Åndalsnes
Skjåk Almenning